

Oppdalingen

Uppdalslokaleavis for Oppdalsdistriktet
Redaktør Martin Iversen

Olav Dalgard: Kristofer Uppdal 1878 - 1978

Den 19. februar blir det 100 år sia Kristofer Uppdal - ein av våre største og merkelegaste diktarar i dette hundreåret - kom til verda, på garden Opdal i Beistad i Nord-Trøndelag. Utabygds folk som gjeslar Vang kyrklegard i Oppdal, og ikkje er vidare informert, vil vel gjerne tru at Oppdal er fødebygda til dikteren, og at han har namnet sitt her i frå. Men, som kjent, er det ingen gard i Oppdal som heiter Oppdal.

Oftre er eg blitt spurt om det var eg som fekk dikteren til å fløtte til Klettvollan på sine gamle dagar, der han budde frå 1947 til han døydde i 1961. Det har eg mått svare nei på. Men det var nok mye mi skuld at han fløtte til Follidalen i 1936, til farbror min på Furuhov - der han budde i fem år og seinare seks år i Husum. Når han i 1947 fløtte over fjellet, så var nok grunnen mest den at han gjerne ville høre trøndermål i kring seg. I siste verket sitt, som han skreiv i Oppdal, «Avelelengdn» nytta han gammal trønderdialekt. (Dette er enno ikkje trykt).

Uppdal likte seg godt på Klettvollan. Der hadde dei fleire faste gjester frå krigsåra, som seinare måtte fløtte. Men Uppdal fekk lov å vera der, og det var han stolt av. Han glekk i siste åra som ein kårkall i huset, og fekk ein god heim der så lenge han levde. Særleg sette han pris på matmor si, «ho Emma». Da han fylte 80 år kom det mange gjester til han, m.a. Inge Krokann, som særleg hylla trønderen Uppdal, eit tema Krokann før hadde skrive ein lengre artikkel om i Syn og Segn da Uppdal fylte 60 år. I samme numret skreiv Ola Setrom ein

oppplødd artikkel om «Lyrrikaren Kristofer Uppdal», og undersøskrivne ein om «Uppdal og norsk arbeidarrørsle». Alle desse artiklane kjem no ut på nytt i eit større minneskrift som Noregs Boklag gjev ut.

Uppdal var altså det ein kallar «bondeson», men faren selde garden da Kristofer var fire år, og fløtte inn til Steinkjær, der han dreiv som vognmann og hestehandlar og levde til han vart over hundre år. Mora døydde frå fire små born da han var sju år, og faren gifte seg opp att og fekk ti born i andre ekteskapet. Ei av halvøstrene er mor til den kjende målaren Jakob Weidemann.

Kristofer var berre ti år da han laut ut av reiret og tena sitt eige brød, som gjetargut og i anna arbeid gulatingar kunne brukast til i den tida. Velkonfirmert drog han ut på anleggssarbeid, og dreiv på med det til han i 1909 gav ut første prosaboka si, «Ved Akerelva». Da hadde han alt gjeve ut tre små diktsamlingar, gått to vintar på Namdal Folkehøgskule og eit år ved Askov høyskole i Danmark. Det var all hans skulelærdom. Men han var ein lærenem ungdom som las og tenkte mye på eiga hand, og med første bandet av «Dansen gjennom skugeheimen» i 1911 fekk han eit stort gjennombrøt når det galdt kritikken, men noe større publikum fekk han aldri. Grunnen var vel til dels at han skreiv ein sterkt trønderfarga nynorsk, og mange lykte nok skildringane hans av det frie og til dels «vilde» rallerlivet handla for mye om «drukk og svir» og slikt som ein helst ikkje sette på prent i



Fra dikteren Kristofer Uppdals 80-årsdag på dikterheimen Klettvolden i Olbu, Oppdal, 1958.

Fra høyre: Kristofer Uppdal, Emil Lorch-Falch, ordføreren i Oppdal kommune, Knut Dørum, dikteren Inge Krokann, redaktør Ole Øisang, litteraturforskeren Rolf Thesen og Arna Lorch-Falch.

Med Kristofer Uppdals spesielle tillatelse og på hans oppfordring, malte Emil Lorch-Falch flere portretter av den store dikteren. Ved denne anledningen malte han det siste portrettet av Kristofer. Ett av dem henger nå i Beistad Samfunnshus, Kristofer Uppdals hjembygd, og et annet på Namdal Folkehøgskule, hvor Kristofer var elev.

denne moralstrenge tida. Like eins var det mange som hadde vondt for å skjønne lyrikken hans. Der kom nok og mye av målet, og ikkje minst den særmerkte «trønderrytmen» som m.a. Ola Setrom har påvist i sin artikkel.

I dag er Kristofer Uppdal anarkjend som ein av våre største diktarar i sin ættled, og ikkje minst gjeld dette lyrikken hans. Det fins knapt ei meir personleg opplevd diktsamling i vår litteratur enn den han gav ut i 1920 med tittelen «Altareiden». Det er her han har diktet om «Isarget», bildet på geniet som «frøyser alle mindre isberg til seg». Mye handlar om nedertlag og liding i

livsstriden. Men vi møter ein sterk mann som ber motgangen med det var Aasen kalla «tolugt mod». Her står og det tragiske ordet som er sett på gravsteinen hans: «Hellig er kvida», dvs lidinga som mennesket må i gjennom, for å «skrislast», blir heil og sterk.

— «Inn i øyding med deg! Til eggstall!». Dette var ein lagnad som Uppdal sjøl gjennomlevde, og som inspirerte han til den merkelege diktinga om «Kulten», det skapanda geniet som legg grunnlaget for både religionen og staten - ein må tilbake til vår geniale Wergeland for å møte slike **langsynar** som Uppdal har i sine siste diktverk. Derfor blir han

no ved hundreårsdagen hylla av mange takksame yrkesbrøt og beundrarar.

Nylig tok trønderjenta Vigdis Ystad doktorgraden på et avhandling om «Kosmiske perspektiver i Uppdals lyrikk», og i det nemnde minneskriftet finn ein oppplødde utsegnar av m.a. Stein Mehren, Olav H. Hauge, Einar Økland og Ingvald Svinsås.

«Mi tid kjem nok», sa Uppdal ein gong til ein flokk unge studentar som hadde lydd på opplesnad av han. Og sikkert har vi hatt fåe diktarar som har vaksne så mye i omdømet etter sin bortgang som just han.

Olav Dalgard

Olav Dalgard